



TELEMARK KULTURNETTVERK

HØRING NOU 2013:4 KULTURUTREDNING 2014

Tid for å sikre Den kulturelle grunnmuren

Telemark kulturnettverk er sers nøgde med at kulturutredningen set eit så sterkt fokus på behovet for eit lokalt kulturløft. Den nasjonale kulturpolitikken er heilt avhengig av at den kulturelle grunnmuren er på plass og godt forankra i lokalmiljøa og i dei nasjonale strategiane.

Me vil gje stor honnør til utvalet for ein solid og god dokumentasjon av det lokale kulturlivet og ikkje minst for ein treffsikker analyse over verkemidlar og behov lokalt og regionalt. Som vår tilbakemelding på Kulturutredningen vil me legge serleg vekt på fylgjande 5 område:

Musikklivet treng godt egna lokale til øving og framføring.

Det kan ikkje understrekast sterkt nok at dei eksisterande tilskotsordningane til kulturbygg må opp på same nivå som for idretten viss kommunane skal prioritere slike investeringar. Det må vidare lagast nasjonale normer for romstorleik, akustiske krav og lagerrom som er tilpassa den lokale aktiviteten. For å utnytte den offentlege innsatsen på øvings- og konsertlokale må oppgradering av eksisterande lokale få større del av løyvingane.

Skulebygg er verdifulle kulturbygg og me saknar ei sterkare merksemd på skulebygga sin viktige rolle for det lokale korpset, bandet, koret, trekkspillklubben osv.

Frivillige organisasjoner .

Kulturutredningen peikar på at dei frivillige organisasjonane har vore ein av budsjettvinnarane dei siste 10 åra. Imidlertid er denne auken eine og åleine moms-kompensasjonen, og denne kjem i mindre grad ytringskulturens lokale organisasjonar til nytte. Ein kan og sjå på momskompensasjon som ei urimeleg statleg avgift på frivilligheita som i alt for lang tid har belasta det frivillige systemet.

Ser ein bort frå momskompensasjonen er det heller lite det lokale og regionale aktiviteten har merka til dei tidlegare kulturløfta, men opplever heller ei svekking av tilskota til lokalt frivillig arbeid.

Me er elles glad for det fokus som utgreiinga set på dei frivillige aktivitetane lokalt og regionalt og vil serleg framheve at det i det vidare arbeidet vert lagt vekt på:

1. At det offentlege ikkje overtar oppgaver som det frivillige kan og vil løyse.
2. At det vert skapt handlingsrom for frivillig virke gjennom offentlege plandokument
3. At det vert oppretta møteplassar og system der det offentlege og frivillige aktørar kan møtast som likeverdige partar og utvikle samordna tiltak.
4. At rammevilkåra for frivillige vert meir tillitsbaserte og vesentleg styrka økonomisk.
5. At samhandling mellom frivillige og offentlege aktørar vert ein del av den kommunale kulturpolitikken.
6. At den etablerte praksisen med stor integrering og samhandling mellom offentlege, frivillige, profesjonelle og amatørar vert vidareutvikla med gode og funksjonelle rammevilkår.

Likebehandling i tilgang på statlege ressursar

Det aller meste av statens sine overføringar til kommunesektoren går som rammeoverføringar som i neste omgang er underlagt lokaldemokratisk styring og prioritering.

Utanom desse rammene er det på musikkområdet bygd opp symfoniorkester i 6 av dei større byane i tillegg til militærorkester, som i i all hovudsak i er etablert i dei same områda

Anslagsvis snakkar me kanskje om overføringar på mellom 0.5 til 1 milliard. Dette er bra for dei distrikta som får desse overføringane og utgjer ein viktig del av den kulturelle grunnmuren i

desse områda. Den lokale og regionale effekten av slike satsingar er av stor betydning for

kulturtilbodet og attraksjonskrafta til området. Synergieffekten vil gå på musikalske kvalitetstilbod i geografisk nærleik og vil vere eit kulturtilbod som gir mange ringvirkningar i

lokalmiljøet som td. høg fagkompetanse, god tilgang på pedagogisk kompetanse og til sjuande og sist vere avgjerande for området si totale attraksjonskraft i høve busetting og utvikling.

Telemark fylke, saman med fleire innlands- og utkantfylke, får ikke tilgang til tilsvarande ressursar., og stiller langt svakare enn andre fylke når ein skal sikre den kulturelle grunnmuren.

Telemark "eksportere" musikktalenta til dei musikalske pressområda og "importerer" musikartenester og musikkproduksjonar

Men i like stor grad som alle andre fylker vil Telemark ha behov statleg drahjelp for å sikre den musikkfaglege grunnmuren, i form av musikartenester, musikkproduksjonar, dirigentar og

musikalsk leiarar av kor, korps, orkester, folkemusikk m.m. på same faglege nivå som andre fylke/regionar. Me ber om at staten set inn ressursar for å kompensere denne ulempa som

Telemark og nokre andre fylke er påført gjennom statlege prioriteringar.

Vaksenopplæring i studieforbund sikrar lærarkompetanse

Vaksenopplærings-systemet, med grunnlag i Lov om Vaksenopplæring frå 2010, er etter vårt syn eit velfungerande system med fokus på demokratibyggning, samfunnsutvikling, personleg utvikling og på deltaking i kulturlivet og ikke minst på auka kvalitet gjennom god opplæring. Vi veit at over 70% av vaksenopplæring i studieforbund (som omfatter 1,4 millionar studietimar og opp mot 500.000 deltakarar) skjer innan emna Kultur, demokrati og Livssyn (KDL).

Vaksenopplæring i studieforbund vert i all hovudsak gjennomført i regi av lokale lag og foreiningar, nettopp dei gruppene som kulturutredningen peiker på treng eit løft.

Eit målretta tiltak vil difor vere å auke tilskota til vaksenopplæring betydelig – dette vil komme direkte dei lokale frivillige organisasjonane og den lokale opplæringsaktiviteten til gode.

Med ei betydeleg auke i tilskotet vil VO-systemet på ein god måte kunne ivareta oppgava som "dirgentlønnsordning" slik utvalet peikar på.

Utgreiinga foreslår også å vurdere å flytte administrasjonen av vaksenopplæringa i studieforbund til Kulturdepartementet, eit framlegg me fullt ut støttar

Ein sterkare nasjonal kulturpolitikk

Me saknar ein sterkare nasjonal kulturpolitikk der statlege, fylkeskommunale og kommunale forhold blir sett i samanheng. Ikke minst saknar me eit meir tydeleg fokus på det regionale perspektivet; fylkeskommunens plass i den nasjonale kulturpolitikken.

Med den kommunestrukturen ein har i dag vil det etter vårt syn vere nødvendig med ei vesentleg styrking av det regionale nivået for å sikre ein rimeleg kvalitet på kulturlivet i heile landet. Fylkeskommunen kan med fordel tilførast fleire oppgaver som i dag er sentraliserte.

Dette er viktig for å sikre kompetanseoppbygging i eige fylke, tilpasse dei offentlege verkemidlane det lokale behovet, stimulere til samhandling lokalt og regionalt og ikkje minst for å styrke samhandling på tvers av kommunegrensar.

Kjell Stundal/ dagleg leiar